



## Referat styremøte i NJFF - Sogn og Fjordane

**Stad: Teams**

**Tid: Mandag 15. februar 2021, kl. 18.00 – Møteslutt 21.30**

**Innkallinga går til:** A. Røyrvik, H. Haugholt, I. L. Sunde, B. Seim, M. Jacobsen, M. B. Hansen, T. Eimhjellen, V. Moen og R. Seim.

**Møtte:** A. Røyrvik, H. Haugholt, I. L. Sunde, B. Seim, M. Jacobsen, M. B. Hansen, V. Moen og R. Seim.

### Sakliste:

**15/21 Godkjenning av ref. frå siste styremøte - Alf Erik**

#### Vedtak:

Referat godkjent

**16/21 Referatsaker - styret**

Ingunn:

05.02 Stardalen Budsjettmøte

Alf Erik:

25.1, Teams, Møte med lokallaga

26.1, Teams, Møte med fylkesleiarane og forbundsstyre om organisasjonsutvalsrapporten

27.1, Teams, Planleggingsmøte Viltwebinar

Vidar:

03.02 teams Adhoc møte vedtektsendringar

10.02 teams Adhoc møte vedtektsendringar

Henning:

03.02 teams Adhoc møte vedtektsendringar

10.02 teams Adhoc møte vedtektsendringar

25.01 Teams Møte lokallaga og fylkeslaget

Reidun:

20.01 Teams Planleggingsmøte viltseminar

21.01 Teams Møte adm og FS

21.01 teams Simulert årsmøte

25.01 Teams Møte lokallaga og fylkeslaget

27.01 Teams Planleggingsmøte viltseminar

28.01 teams Møte adm og FS



- 03.02 teams Adhoc møte vedtektsendringar
- 04.02 teams møte adm og FS
- 05.02 Stardalen Budsjettmøte
- 08.02 teams virksomhetsmøte alle tilsette i NJFF
- 10.02 nett Bursdagsfest NJFF 150 år
- 11.02 teams møte adm og FS
- 11.02 teams Planleggingsmøte Gaularfjellprøven

**17/21                    Kontakt med lokallaga                    - styret**

Ingen telefonkontakter, men gjennomført teamsmøte med lokallaga der 9 ulike lokallag var med.

**18/21                    Årsrapport 2020                    - Reidun**

Foreslegne årsrapport vart gjennomgått, små justeringar.

**Vedtak:**

Dersom nokon har forslag til endringar, tilbakemelding innan 20. februar.

**19/21                    Rekneskap 2020                    - Reidun**

Vart gått igjennom. Pga mange avlysingar er det ein del mindre kostnader til aktiviteter og mindre inntekter på deltakaravgift. Det vart investert i ein del utstyr i fjor pga mindre utgifter. Det er likevel eit høgt overskot på rundt 192.000 som skuldast i vesentleg grad at vi fekk driftstilskot for både 2019 og 2020 i fjor.

**Vedtak:**

Orienteringssak

**20/21                    Årsmøtedokument                    -Reidun / styret**

Årsmøte: Med dei smittevernreglane vi har no og slik det ser ut framover, vert årsmøtet på teams. Styret samlast dersom smittevernsreglane seier ein kan det. Dei som skulle hatt gåver i fjor, vert invitert til lunsj og motta gåva.

**21/21                    Budsjett                    -Ingunn**


Veldig oversiktleg budsjettt der alle utvala har vore med å sett inn sine tal. Det er budsjettert med 59.000 i overskot.

**Vedtak:**

Ingunn og Reidun får mynde til å gjere evt. små justeringar dersom det skal gjerast.

**22/21                    Vedtektsendringar                    - Henning/ Vidar / Reidun**

Fått eit innspel frå Høyanger jfl på vedtektsendringar. Styret set pris på engasjementet og det vart sett ned ei ad hoc gruppe som har jobba med dette og vurdert konsekvensane av forslaget. I dag er det friviljug å ha utval (ikkje vedtektsfesta) og det er friviljug om ein fagansvarleg vil sitje i utvalet som utvalsleiar eller medlem.



Konsekvensen av forslaget er at det vert vedtektsfesta at ein skal ha utval, og at utvalsleiar for eit hovudutval også skal vere styremedlem. Eit styremedlem skal også setje seg inn i alle saker som skal opp på møta. I tillegg inneberer forslaget at hovedutvala skal ha underutval og andre ressurspersonar innan same felt under seg. Det siste gjer det veldig sårbart dersom dette styremedlemet ikkje fungerer eller synst det blir for mykje arbeid. Kan bli for stor belastning på vervet dersom ein er nødt til å vere både utvalsleiar og styremedlem, og enda større belastning dersom ein skal ha noko ansvar for underutval og andre ressurspersonar. Styret kan ikkje heilt sjå at forslaget løyser noko i dei utfordringane vi eventuelt har i dag.

**Vedtak:**

Styret foreslår til årsmøtet å ikkje tiltre forslaget.

**23/21 Evaluering teamsmøte med lokallaga -Reidun**

Gode tilbakemeldingar på møtet, også at det var relativt kort.

**Vedtak:**

Tar grundigare evaluering etter neste teamsmøte med lokallaga.

**24/21 Fotokonkurranse 2021 -Reidun**

**Vedtak:**

3 kategoriar; jakt, fiske og friluftsliv/naturbilete

1. premie kr 4000 og 2. premie kr 2000 og 3. premie kr 1000 i kvar kategori

Same opplegg for jury som i fjor, og same reglar med unntak av at ein person kan maks vinne 1 premie i kvar kategori.

**25/21 Organisasjonsutvalet sin rapport -Alf Erik**

**Vedtak:**

orienteringssak.

**26/21 Planlagte aktiviteter**

20. februar, klubbmeisterskap og nybyrjarsamling: Bertil

5-7. mars, Gaularfjellprøven: Bertil

16. og 17. mars, viltwebinar: Brede

**Vedtak:**

Orienteringssak

**27/21 Ymse**

Barne- og ungdomsprisen. Fått inn eit innspel som styret vil gå inn på.

Heidersprisen.

Hjortejakt Selje.



Høyring jakttider.

Referent  
Reidun Seim

